

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/234-15

Oppfølgingsliste 8/2014

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til gjere slikt vedtak:

1. Oppfølgingsliste 8/2014 vert teken til vitande

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

- Oppfølgingsliste 8/2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20, 2. ledd skal sekretariatet for kontrollutvalet sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Kontrollutvalet får med dette oppfølgingsliste 8/2014 over saker i kontrollutvalet som har vore handsama i utvalet tidlegare og som enten ikkje er avslutta, eller som vart avslutta i førre møte. Dei sakene som er merka med avslutta vert ikkje med på neste utgåve av oppfølgingsliste.

Det er behov for å ha ei oversikt over dei til ei kvar tid aktive saker. Sekretariatet har også som oppgåve å følge opp dei saker som vert tekne opp i utvalet. Oppfølgingslista er ei sak som er planlagt å legge fram for utvalet i kvart møte.

I tillegg vil kontrollutvalet få ei oversikt over forvaltningsrevisjonar med status og oppfølgingsdatoar. Denne lista vil bli teke med i oppfølgingssaka eit par gongar kvart år. Dette vil gjere at utvalsmedlemmane til ei kva tid har oversikt over dei sakene som vi har til oppfølging.